

Kommunane i Helse Bergen sitt opptaksområde

**Dykkar ref:** **Vår ref:** **Sakshandsamar:** **Dato:**  
2016/7594 - 25454/2017 Anne Sissel Faugstad 55974763 08.03.2017

## **Nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling – ny strategi 2017-2020**

I Helse Vest har vi bygd opp nettverk av ressurspersonar i kreftomsorg og lindrande behandling. Målet med nettverka er kompetanseheving og samhandling slik at kreftpasientar og andre pasientar med behov for lindrande behandling, samt deira pårørande, opplever god kvalitet og tryggleik i alle nivå av helsetenesta. Det finst ressurspersonar i alle kommunar og sjukehus i Helseregion Vest. Fleire høgskolar, Kreftforeningen og Kreftomsorg Rogaland deltar og i nettverksarbeidet, som omfattar i alt ca. 530 ressurspersonar.

I 2016 gjorde SINTEF Helse på oppdrag frå Helsedirektoratet ei evaluering av tenestetilbodet til personar med behov for lindrande behandling og omsorg. Evalueringa synte at kompetansenettverka i kreftomsorg og lindrande behandling fungerer veldig godt og bidrar positivt til å auke kompetansen og dermed kvaliteten i tenestene (SINTEF rapport A27799).

Nettverket i Helse Bergen føretaksområde er basert på ein samarbeidsavtale mellom dei 24 kommunane, Helse Bergen, Haraldsplass Diakonale Sykehus, Kreftforeningen og VID vitenskapelige høgskole. Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest (KLB) representerer Helse Bergen sin faglege forankring i nettverket og har sekretariatsfunksjonen for nettverket. Dette nettverket har i dag 181 ressurspersonar: 133 ressurspersonar i Nettverk for ressursjukepleiarar og 38 fysioterapeutar og 10 ergoterapeutar i Nettverk for fysio- og ergoterapeutar.

Vi er stolte over å kunne presentere ein ny strategi for nettverket for dei neste fire åra. Strategien er forankra i nasjonale føringar og i ein brei prosess med involvering av alle samarbeidspartane og nettverksgruppene i Helseregion Vest. Viktige innspel kom også fram på eit ope strategiseminar i oktober 2016, med god deltaking frå kommunane og sjukehusa i Helse Bergen sitt opptaksområde. Strategien held fast på fokusområda som låg til grunn ved den førre strategien: Pasient- og pårørandearbeid, kompetanseheving, organisering og drift av nettverket samt leiarforankring og samhandling. For kvart av desse områda har strategien klart definerte mål. Vi håper at alle partane i nettverket vil bidra til å realisere desse måla.

Vennleg helsing  
Føretaksleiinga

Anne Sissel Faugstad  
Viseadministrerende direktør  
Leiar av styringsgruppa for nettverket

Vedlegg: Strategi for nettverket 2017-2020